

Tilsvar til Viken fylkeskommune

Fylkesrådets vedtak

1. Ok
2. Motsegn til følgande nye byggeområde:
 - 4.6 Ørterstølen, 4/7, omsyn landskap, friluftsliv og myr
 - 4.13 Guriset 13/265 fritid, omsyn landskap og friluftsliv
 - 5.9 Lauvsjø, 31/62, 38/3, 31/8, tek i bruk nytt og ubebygde område og utfordrar omsyn til landskap og friluftsliv
 - 4.3 Kamben 10/316, omsyn grønstruktur og jordvern
 - 4.9 Bualie 13/21, omsyn grønstruktur, friluftsliv og jordvern
 - 4.11 Guriset 13/265 næring og 4.12 Guriset 13/15, omsyn landskap, grønstruktur og jordvern, forutan areal allereie avsett til fritidsbusetnad

Fylkesrådet ber kommunen sikre at det ikkje blir lagt opp til ytterlegare utbygging utover det som allereie er bygd i og rundt Skaraåsen – 6.1 Nystølsameiga, 17/72 av omsyn til landskap, grønstruktur og friluftsliv

Fylkesrådet ber kommunen vurdere å ta ut:

- 4.1 Einarset 24/9, omsyn landskap, friluftsliv og myr
 - 4.7 Bualie, 13/20 vest, omsyn landskap friluftsliv
 - 4.17 Oset/Tisleia 13/265, omsyn landskap, friluftsliv og myr
 - 5.8 Golsfjell Fjellstue, A1 37/9, omsyn landskap grønstruktur og jordvern
3. kommunen bør gjennomføre heilskapleg reisemålsutgreiing. Hensiktsmessig å få oppdatert kunnskapsgrunnlag og bygge beslutningar på det.
 4. Positivt med samlokalisering skytebane og motorsport. Motsegn på bakgrunn av at myrområde ikkje er sikra vareteke, i strid med regional plan for areal og transport Buskerud. Ber kommunen vurdere behov for areal til motorsportanlegg og skytebane og vurdere reduksjon av utvidinga.
 5. Positivt å utvide eksisterande masseuttak M5 framfor å ta i bruk nytt område for masseuttak. Ber kommunen redusere utvidinga slik at konflikt med friluftslivs- og landskapsomsyn blir mindre. Peikar på nordre del av utvidinga der det er eit høgdedrag, og vestre del som ligg tett på sti og skiløype.
 6. ber kommunen bearbeide planforslag i henhold til faglege råd.
 7. ber om dialog mellom kommunen og fylkeskommunen i oppfølginga av saken.

4.1 Einarset 24/9

Tilrådd å ta ut grunna omsyn landskap, friluftsliv og myr.

- Området går ikkje lenger ut i naturen enn eksisterande bebyggelse i nord.
- NiN-kartlegging syner boreal hei med dårleg kvalitet, noko naturvernrådgivar bekrefta under synfaring. Det er ein bekk i området. Området er redusert grunna bekk og myr.

4.3 Kamben 10/316

Motsegn av omsyn til grønstruktur og jordvern

- Ligg nær eksisterande fritidsbusetnad.
- Politikerane argumenterer med at ligg i tilknytning til eksisterande fritidsbusetnad og ligg nær fritidsaktivitetar. Innanfor satsingsområde for reiseliv.

4.6 Ørterstølen, 4/7 (no 4.7 Ørterstølen, 4/7)

Motsegn med omsyn til landskap, friluftsliv og myr

- Området er redusert til å ikkje gjelde myr.
- Skiløypa som går forbi området er enkelt å legge i kanten av området, slik at skiløypa kan vidareførast.

4.7 Bualie, 13/20 vest (no 4.9 Bualie vest)

Tilrådd å ta ut grunna omsyn til landskap og friluftsliv

- Området vil ikkje gå så mykje høgare i terrenget enn eksisterande bebyggelse. Området vil ligge mellom eksisterande bebyggelse og framtidig skiheis. Ørterhovda i bakgrunnen vil gjere at det nye området truleg ikkje kjem i silhuett.
- Området er redusert til å ikkje gjelde myr.

4.8 Bualie, 13/21 (no 4.11 Buo)

Motsegn med omsyn til grønstruktur, friluftsliv og jordvern

- Området er redusert til å ikkje gjelde dyrkbar mark. Dette vil også redusere konsekvensane for grønstruktur og friluftsliv, då området no berre legg seg rundt eksisterande bebyggelse.

4.11 Guriset, 13/265 og 4.12 Guriset, 13/15

Motsegn med omsyn til landskap, grønstruktur og jordvern, forutan areal allereie avsett til fritidsbusetnad

- 4.11 Guriset, 13/265 (no 4.13 Guriset, 13/265) er fjerna grunna dyrkbar mark i tilknytning til dyrka mark, og at området er den siste «tomme» strekinga mellom Gurisetvegen og Tisleia.
- 4.12 Guriset, 13/15 (no 4.14 Guriset, 13/15) ligg framleis inne. Vurdert at området ligg til dels inneklemt mellom hytter og veg. Nytt landbruksareal vil difor bli fragmentert.
- Ikkje konflikt med skiløyper eller turstigar.

4.13 Guriset, 13/265 fritid (no 4.15 Guriset, 13/265 fritid)

Motsegn med omsyn til landskap og friluftsliv

- Området er redusert litt i sør for å få større avstand til Gurisethovda. Dette gjer det lettare å unngå ski- og turløyper.
- Området er tidlegare redusert slik at markagrensa blir bevart.

4.17 Oset/Tisleia, 13/265 (no 4.19 Oset/Tisleia)

Tilrådd å ta ut grunna omsyn til landskap, friluftsliv og myr

- Ligg i satsingsområde for Golsfjellet. Myr kan truleg unngåast gjennom føresegnene.

5.8 Golsfjell Fjellstue, A1, 37/9

Tilrådd å ta ut grunna omsyn til landskap, grønstruktur og jordvern

- Regulert til friområde. Dermed ikkje landbruk i dag, sjølv om området er dyrkbart i tilknytning til dyrka mark.

5.9 Lauvsjø, 31/62, 38/3 og 31/8

Motsegn fordi ein til tek i bruk nytt og ubebygde område og utfordrar omsyn til landskap og friluftsliv

- Området er fjerna frå kommuneplanen.

6.1 Nystølsameiga, 17/72

Fylkesrådet ber kommunen sikre at det ikkje blir lagt opp til ytterlegare utbygging utover det som allereie er bygd i og rundt Skaraåsen – 6.1 Nystølsameiga, 17/72 av omsyn til landskap, grønstruktur og friluftsliv.

- Området er redusert ytterlegare. 281 daa blir endra LNF med spreidd fritidsbusetnad til LNF-formål. Innspelsområdet er ytterlegare redusert, slik at det no har ein storleik på 205 daa. Området er verken dyrka eller dyrkbart, og myrområdet er fjerna frå kommuneplanen. Større urørte område i alle retningar.

Skyte- og motorsportanlegg

5.14 Fuglehaugen

Positive til samlokalisering av desse verksemdene. Friluftslivsinteresser i området som blir utfordra av utvidinga. Stor utviding, og kjem ikkje fram behovet for å setje av så store areal. Dette bør kommunen vurdere nærare. Myr utgjør 27,3 daa, og er ikkje vareteke. FK meiner dette kan løysast ved å sette av myrområda og ein liten buffer rundt med LNF-formål.

- Kongevegen må varetakast. Kan elles ikkje forstå at det er særskilde friluftslivsinteresser i området. Løypa det blir vist til på kart side 16 i uttalen vil gå rett over motorsportbanen, og den er inngjerda. Den ligg inne i gjeldande kommuneplan, og er teke ut i forslag til revidert kommuneplan. Karta til ut.no viser ingen stigar her.
- Litt av årsaka til at det er ønske med så store areal er at det kan vere ønskeleg å etablere feltskytebane. Feltskytebanar kan ha avstandar på opptil 1000 meter (i alle fall 500-600 meter). I eit slikt tilfelle vil ein ha behov for større areal.
- Det vil truleg vere mogleg å etablere buffer med LNF rundt myrareal.

Jordvern og beiteressursar

Lite dyrka mark som blir berørt, men utfordrande at det blir bygd tett på dyrka mark. Jordbruksareal kan bli innklemmt, som kan påverke framtidig drift. Større omfang av dyrkbar mark som blir berørt. Ser at innmarksbeite er nemnd i KUen, men etterspør påverknad på utmark.

- Det er forsøkt å unngå dyrka mark.
- For dyrkbar mark er det forsøkt å sjå på situasjonen rundt; om det er langt til dyrka mark og om det er større dyrkbare område som er naturlege å dyrke i framtida.
- Det er ikkje gjort så mykje vurdering av utmarksbeiteressursar.

Masseuttak

Positivt å utvide eksisterande masseuttak framfor å ta i bruk nytt område. Viktig friluftsområde og tett på skiløyper. Vest for området er det spel plass for tiur. Det er lagt inn føresegn om at ein skal ta omsyn til skiløype, men heile området er avsett til masseuttak. FK er usikre på heimelsgrunnlaget for denne føresegna. FK meiner at utvidinga bør reduserast på kommuneplannivå, og peikar på nordre del av utvidinga der det er eit høgdedrag, og vestre del ligg tett på sti og skiløype. FK kan ikkje sjå behovet for ein så stor utviding av eksisterande masseuttak. Det bør minimum leggest inn føresegn som sikrar vegetasjonsskjerm innanfor feltet for å avdempe verknad på landskap og friluftsliv med heimel i pbl. § 11-6 *Innenfor (feltkode som gjelder for utvidelsen*) skal det sikres vegetasjonsskjerm rundt masseuttaket som skal avdempe landskapsvirkning av masseuttaket for det omkringliggende naturområdet.*

- Administrasjonen har redusert området slik at det ligg aust for høgdedraget. Området blir om lag halvert. Reduksjonen blir størst i sør, og minst i nord.

Tettstadsutvikling

FK tilrår at bustader og arbeidsplassintensiv næring og tenesteyting blir lokalisert i tettstaden. Positivt at kommunen i stor grad har haldt seg til strategien i samfunnsdelen om at bustader skal lokaliseras til tettstaden. To tidlegare grendebarnehagar utanfor tettstaden er endra til kombinert formål. FK vil ikkje motsette seg det. Ber kommunen vurdere nøye arealbruken og kva formål det blir lagt opp til.

- Kombinasjonen var for å gi fridom. Mest aktuelt er nok bustader. Samtidig kan også kontor vere aktuelt. I teorien også barnehage.

Kommunen ønsker å legge til rette for dispensasjon med bruksendring frå fritidsbustad til bustad. Dette er retningslinje, så den er ikkje juridisk bindande. Kan skape presedens i dispensasjonssaker. Positivt med krav om at det er tekniske krav på plass, men uheldig at det skapast presedens for positive vedtak. Område for fritidsbusetnad har andre krav til lokalisering enn bustadområde. Ikkje gang- og sykkelveg, lange avstandar til skule og andre funksjonar. Barn og unge skal sikrast gode oppvekstmiljø, og FK er spørjande til korleis dette vil vere utan andre fastbuande i området.

- God tilgang på natur er også med på å sikre godt oppvekstmiljø, sjølv om ein kanskje ikkje bur tett på andre.

Omsyn fylkesveg

- Rett at felta ligg spreidd, men det er slik dei ligg. Det får vi ikkje gjort noko med. Det er likevel mykje meir samordna enn å ta i bruk nye område.

Føresegn:

- Det ligg inne føresegn om at avkøyringar skal vere godkjent av vegstyresmaktene. Alle innlagte innspel kan bruke eksisterande avkøyring frå riks- eller fylkesveg, sjølv om enkelte avkøyringar truleg må utbetrast.
- Retningslinje om godkjenning av planar og fortetting er endra til bestemmelse.
- Det er lagt inn tilkomst til nye eigedomar.
- På byggegrense er det lagt inn 50 meter byggegrense for fv. 51 og 15 meter for øvrige fylkesvegar.
- Støy: kan erstatte

Omsyn kulturminne

Positivt med markagrenser, friluft og bevaring av naturmiljø som skal sikre bevaring av mellom anna stølar og stølsvollar. FK merkar seg at det ikkje er teke inn omsynssoner for kulturminne og kulturmiljø og ber kommunen vurdere å legge inn dei viktigaste kulturminna og kulturmiljøa av lokal og regional verdi.

- Har sendt spørsmål til FK om kulturminne i KP. Kulturmiljøplan er under utarbeiding.
- Finnesgarden, gamle stavkyrkjetomta

KU som er basert på basen i kulturminnesøk gir eit greitt utgangspunkt, men FK gjer merksam på at den ikkje gir eit utfyllande bilete verken for kulturminne frå forhistorien eller nyare kulturminne. FK har ikkje grunnlagsmateriale for å vurdere om planlagt utbygging er i konflikt med freda kulturminne eller ikkje, fordi områda ikkje er arkeologisk registrert. FK vil difor presisere at med omsyn til automatisk freda kulturminne har ikkje FK sagt seg einige i arealbruken. Ved revidering av reguleringsplan etter § 12-14 må FK sjå om reguleringsplanen tilfredsstillar dagens krav. Dersom FK meiner det er naudsynt, kan det vere tilfelle der dei ber om ny registrering.

- Kommunen er inneforstått med at nyinnlagte område ikkje er registrert endå. Dette er ein naturleg del av reguleringsplanarbeidet.

Vassmiljø

FK føreset at kunnskapsgrunnlaget blir oppdatert.

- Det er svært få resipientar i kommunen som er godt kartlagt, som gjer vurderinga vanskeleg no. Det er difor lagt inn føresegn for å varetake dette:
 - o *Ved detaljregulering i område der tettbebyggelsen vil overstige 50 PE utanfor reinsedistrikta, skal det gjennomførast resipientvurdering. Resipientvurderinga skal ligge ved til 1. gongsbehandling.*
 - o *Planar og tiltak som rører ved vassførekomst med vedtekne miljømål i samsvar med vannforskriften skal greie ut korleis planen/tiltaket påverkar måloppnåinga.*
- Kan kanskje forsøke å legge inn føresegn om §§ 4-7 i vassforskrifta.
- Kommunen meiner at § 1 i forskrift om fysiske tiltak i vassdrag er oppfylt i føresegn 1.4.3 (tidlegare 1.6).

Haustbare artar

Føresett at kommunen brukar viltkart/lokal kunnskap om vilt. Hjortevilt endrar bruk av areal over tid. Eldre viltkartleggingar vil ikkje nødvendigvis vise kva område som er viktige økologiske funksjonsområde i dag, og det kan vere behov for å innhente oppdatert kunnskap.

- Har vore synfaring av alle innspel etter offentleg ettersyn. Der det er sett spor etter hjortevilt er dette nemnd særskild.

Tiurleik ved Fuglehaugen, GolfAlpin og Smøget. GolfAlpin er fjerna, slik at avstanden frå GolfAlpin til denne tiurleiken blir oppretthalde. Innspelet på Fuglehaugen går ikkje nærare tiurleiken enn kva som er avsett i dag. På Smøget er det ønskeleg å redusere innspelet.

Plankart

- Plankartet skal kvalitetssikrast.
- Nye område og endra område skal leggest inn som framtidig, uavhengig om dei er bebygd, regulert eller ikkje. Område som var framtidig i førre kommuneplan skal gjerast om til eksisterande, uavhengig om dei er bebygd, regulert eller ikkje.
- Kommunen skal gjere det lettare å få oversikt mellom kart, KU og andre plandokument.
- Kommunen ønsker ikkje å endre namn på markagrensa, då den i løpet av dei siste par åra har vorte innarbeidd blant både administrasjon og folkevalde i kommunen.

Konsekvensutgreiing

- Skal sjå gjennom grønt på friluftsliv.
- Ta med konsekvensane etter reduksjon og ikkje berre før. Dette gjeld også ved endring av LNF til LNF spreidd fritid.